



# Bygdenytt



eit informasjonsblad frå Valle kommune

DESEMER 2024

## JOLEVERKSTAD PÅ SETESDALSMUSEET

Vi feirar 1. sundag i advent og ynskjer alle hjarteleg velkomne!

14.00 Joleverkstad

16.30 Jolegrantenning og fakkeltog

17.00 Ljosmesse i Hylestad kyrkje

Bygdekvinnelaget sel pølser, kaker og kaffi

Fri inngong  
Passar for alle

## FAKKELT OG JOLEGRANTENNING I VALLE SENTRUM

1. FREDAG I ADVENT - 29. NOVEMBER

Kl. 1630: Bollar og kakao framom Hasla.  
Elevinnslag ved Valle kulturskule.

Kl. 1700:

Adventshelsing og tenning av ljøs på jolegrana  
ved ordførar Lars Tarald Myrum.

Allsong: «Tenn lys», 1. vers.

Allsong «Du grønne glitrende tre».

Etterpå går vi i fakkeltog til Valle bygdeheim.  
Adventshelsing og tenning av ljøs på jolegrana  
ved sokneprest Toralv Frøysaa Lie og Ordførar.

Allsong: «Tenn lys», 1. vers

Elevinnslag ved Valle kulturskule.

Allsong «Du grønne glitrende tre».

*Vi sel faklar kr 50, eller du kan take med eiga lykt.*

*Arr. Valle sentrumsforeining, kyrkj a og Valle bygdekvinnelag*

## JOLEHELING FRÅ ORDFØRAR

Året går mot slutten, og jola står for døra. Det gjev høve til å senke skuldrene og la jolefreden gjeve dagane eit anna tempo og innhald. Rett nok kan denne tida vere hektisk nok - det er mykje som skal ordnast – men ein må likevel unne seg nokre pust i bakken undervegs.

Me lever i turbulente tider, og mange av hendingane i verda rundt oss kan gjere ein reint motlaus. Då er det ekstra viktig å gjere rom for ettertanke og oversyn. Å “halde høgda”, som Kong Harald sa i ein nyttårstale for ein del år sidan. Då kan ein få syn for at det også er svært mykje som går bra. Me lever i eit trygt land, med gode føresetnadar for å leve gode liv. Demokratiet vårt syter for at kvar og ein av oss har høve til å påverke korleis nasjonen skal styrast. Me er ikkje upåverka av skiftande tider, men me har rygg til å bere det meste som måtte kome.

“Samhald” er eit nøkkelord i denne samanhengen, og verdien av dette kan knapt overvurderast. Det gode samhaldet skapast i det store og små møta me har med kvarandre i kvardagen. Der er der me lærer kvarandre å kjenne, og det er der me skapar tillit til kvarandre. Jola er også ei tid for slike sosiale samankomstar. Me sèt alle pris på trivelege treff med familie, grannar, eller kjenningar. Men ein må også ha tid og rom til å møte dei som har det vanskeleg, dei som er åleine, eller dei som har mista nokon. Slik byggjer me samhald, og slik byggjer me samfunn.

Ein føresetnad for å møte folk er ofte å kome seg ut. Ei oppmoding i tida me går inn må difor vere nettopp dette – kom deg ut! Det er mykje god folkehelse i å vere i rørsle, både for kropp og sjel, og det er alltid triveleg å møte folk etter vegen i joledagane. Ein tykkjest også ha betre tid til ei god røe. Mange av turstiane i kommunen er også fullt brukbare på snøføre, og kan vere eit godt alternativ for mange.

Til slutt vil eg takk alle dei som er på jobb i jola. Innsatsen dykkar syter for velferd og tryggleik i kommunen vår - året rundt. Dette sèt me stor pris på! Eg vil også takke kommunestyret i Valle for godt og konstruktivt samarbeid i året som snart er til endes. Saman skal me jobbe vidare med å ta gode og velgrunna avgjersler – til beste for innbyggjarane, og til beste for Valle kommune.

Med ynskje om ei god jol, og eit godt og fredfullt 2025

Lars Tarald Myrum



# Valle kommune

GJESTFRI FOR NYE TANKAR

## KOMMUNEN INFORMERER

### Opningstider i romjola Sentralbordet og kommunehuset

23. desember kl. 10:00—14:00

30. desember kl. 10:00—14:00

24, 27, 30 og 31. desember er stengt.

NAV er stengt for drop-inn grunna heilagdagdar

25. desember og 1. januar.

Barneverntenesta er tilgjengeleg kvar dag mellom kl. 08.00 og 15.00. Etter klokka 15.00 og på heilagdagdar er det barnevernvakta i Agder som er tilgjengeleg ved akutt bekymring eller hjelp.

### Minibussen er flytta

Frå 1. desember blir minibussen å finne i ny garasje på Øyne. Adressa er Øyne industriveg 8.

Nøkkel til garasjen vil du finne i nøkkelboksen på utsida av bygget saman med nøkkel til bilen. Alt anna er som før i høve booking og opning av nøkkelboks.

Minibussen kan tingast på kommunen si heimeside. Det er lag og organisasjonar som kan bruke bilen.

Vi minner om at dei som bruker bilen må sette seg inn i reglane og rutinane. Vi opplever at bussen til tider blir sett ned med nesten tom tank, det skal aldri vere mindre enn halv tank med drivstoff. Bussen skal også ryddast og feiast etter bruk.

## ØKONOMIAVDELING

Vi ber om at alle rekningar og refusjonskrav som gjeld 2024 vert sendt så fort som mogleg til kommunen, og seinast innan 5. januar 2025. Dette er viktig for å sikre rett handsaming med tanke på budsjett og betaling. Krav sendast som EHF eller til [faktura@valle.kommune.no](mailto:faktura@valle.kommune.no)

## KULTUR OG FRITID

### Bli med som vert på språkkaféen vår!

Me samlast på biblioteket for å prate, ete kake og smake på ukrainske spesialitetar. Me spelar Amigo, eit spel der me øver på både norsk og ukrainsk. Det er mange som kjem, og i dei timane me er saman, har me det veldig moro. Du treng ikkje vere med kvar gong, men me set stor pris på alle som vil bidra!

### Digital satsing i Valle

Dei planlagde kursa for å auke digital sjølvtilitt i desember må utsetjast til etter nyttår, då innføring av nytt biblioteksystem framleis krev ein del ekstra ressursbruk. Vi kjem tilbake med nye datoar - følg med på Facebook Valle bibliotek - Sæbyggjen!

### Fritidsbading

Onsdagar er det bading i symjehallen på Bykle samfunnshus. Badinga er gratis, og valldølar og hystringar er så heldige å vere hjarteleg velkomne i den tida vårt eige basseng er stengt!

### Tidspunkt:

**Kl. 16.30—18.00 familiebading**

**Kl. 18.00—19.00 Vaksenbading**

Tilbodet fylgjer skuleruta.

### Tilskot til friluftsliv frå Agder fylkeskommune

Vi minner om at Agder fylkeskommune har gode ordningar for tilskot til friluftsliv og aktivitet.

Oversikt over ordningane finn du på heimesida til fylkeskommunen, under «Tilskudd, stipend og priser»:

<https://agderfk.no/vare-tjenester/klima-natur-og-friluftsliv/friluftsliv/tilskudd-til-friluftstiltak/>

## TEKNISK AVDELING

### Frå 01.01.2025 tilbyr Valle kommune månedleg fakturering på kommunale avgifter

Per i dag vert faktura på kommunale avgifter sendt ut kvartalsvis i mars, juni, september og desember.

Dette vil kommunen halde fram med, men om du heller vil ha faktura månedleg eller årleg, kan du enkelt endre dette på «MinEigedom».

For å endre fakturafrekvens går du til Valle kommune si heimeside, under Tekniske tenester og loggar deg på min eigedom» med bankID. På MinEigedom kan du velje kor ofte du ynskjer å motta faktura for kommunale avgifter.

### Endring av fakturafrekvens trer i kraft frå 01.01.2025.

På «MinEigedom» finn du også informasjon om eigedomsgebyr, vassmålarstatus, brannførebygging (avvik, sist feing osv.), søppeldunkar, adresser og bygg, eigarar, eigedomsareal, hefte og historiske saksdokument.

## Nye Valle kultursenter

Arbeidet med nye Valle kultursenter er i full gong, og i løpet av november skal entreprenøren vere ferdig med det meste av arbeidet med å leggje om utvendig leiingar og røyr. I desember månad vert det spennande når rivearbeidet av den gamle gymsalen og garderobeanlegget skal starte opp og halde på fram til jol, slik at det er klart for grunnarbeid på nyåret.

Inngong til idrettshallen er difor flytta til sørsida av idrettshallen, ettersom den gamle hovudinngonga i nord vert stengt i byggeperioden.

Trafikktryggleiken har høgt fokus i prosjektet, og vi har fått positivt svar frå Statens vegvesen om å etablere ei midlertidig avkøyrsl direkte ut til Rv9 frå parkeringsplassen på vestsida av skulen. Det betyr at skuleborna vert skjerma frå anleggstrafikken på ein god måte. Avkøyrsla vert etablert så snart som råd.



## Næringslunsj 6. desember på Sølvgården

Valle kommune inviterer næringsdrivande til lunsj på Sølvgården 6. desember.

### Program:

**Lunsj kl. 11.30—12.30**

**Informasjon og dialog frå 13.00—14.00**

- Førebels resultat rekrutteringsprosjekt i Bykle og Valle v/ Frode Verpe.
- Budsjett 2025 - Aktuelle postar for næringslivet.
- Behov for næringsbygg og næringsareal.


## Kartlegging av behov for næringsareal og næringsutbygging

Valle kommune ynskjer å legge til rette for næringsutvikling, og vil gjerne få innspel frå næringslivet om behov for næringsbygg og næringsareal. På Øyne har kommunen tilgjengeleg og regulert areal, medan situasjonen er noko annleis på Rysstadmo, der det er lite ledig areal og kommunen ser på utvidingsmoglegheiter.

Innspel er til stor hjelp for vidare planlegging og prioritering av tiltak, og med bakgrunn i det som kjem inn, vil me drøfte vidare oppfølging saman med politikarane. Forhåpentlegvis kan dette resultere i vidareutvikling av eksisterande verksemder og nye etableringar.

Dersom du har innspel, stort eller smått, ta kontakt med Åse Ingebjørg Flateland, anten på mobil 917 21 365 eller e-post til [ase.ingebjorg.flateland@valle.kommune.no](mailto:ase.ingebjorg.flateland@valle.kommune.no) innan 1.februar 2025.

### Oversikt over Øyne industriområde



# ADVENT 2024

## Rysstad



**Laurdag 30. november**

***Coop Prix Hylestad***

Kl. 12 Adventsgraut. Nissen kjem.

***Sølvarden***

Kl. 15 Jol på Sølvarden

Leikarringen startar dagen.

Opning av pepparkakeby

Køyretur med hest & kjerre.

Rebusløp med flottepremiar.

Jolelenkekonkurranse.

Nissen kjem!

Kl. 22 Hallvardsson med band byd opp til konsert.

**Sundag 1. desember**

***Setesdalsmuseet***

Kl. 14 Joleverkstad på museet

Kl. 16.30 Jolegrantenning og

fakkeltog til kyrkja

***Hylestad kyrkje***

17.00 Ljosmesse

***Arr. Rysstad i Vekst/ Sølvarden/***

***Coop Prix Hylestad/ Hylestad***

***Bygdekvinnelag/ /Den norske kyrkja/Setesdalsmuseet***

## PROGRAM FOR ØNSDAGSKAFEEN I DESEMBER

Onsdag 4 des Kulturskolen (sjå eige skriv)

Onsdag 11 des Jolemiddag

Onsdag 18 des Joleavslutning med Valle bygdekvinnelag og Hylestad bygdekvinnelag

Onsdag 24. des Jolemiddag på Valle Bygdeheim

ØNSDAGSKAFEEN  
YNSKJER ALLE EI REKTIG  
GOD JOL OG EIT  
GODT NYTTÅR

Onsdagskafeen starter  
oppatt onsdag  
8.jan med sosialt samvær.



## JULEKONSERT

MED

**ELEVAR FRÅ VALLE KULTURSKULE**

VALLE BYGDEHEIM

**ØNSDAG 4. DESEMBER KL. 1100**

Onsdagskafeen startar som vanleg kl. 1030.

Gratis inngang - hjarteleg velkomen!

Arr: Valle kommune

**VALLE BYGDEHEIM  
INVITERER INN TIL  
JOLEMIDDAG  
JOLAFTAN  
KL.1700.**

**PÅMELDING TIL  
SOLVEIG  
PÅ 91247155  
INNAN MÅNDAG  
16.DESEMBER**

**YNSKJER DU  
SKYSS ER  
DET BARE Å  
GJE  
BESKJED OM  
DETTE.**



**Velkomen til joleavslutning på  
onsdagskafeen**

**Valle og Hylestad bygdekvinnelag  
inviterer inn til førjolshygge, onsdag  
18. desember kl. 1030 til 1400**

**Det blir servert rjomegraut m/  
spekemat, kake og kaffi**

**Valle vaksenkor sørger for  
jolestemning med allsong.**

**Det vert også stor jolebingo**

**Som vanleg viss du treng skyss,  
ringer du [94504448](tel:94504448) mellom  
kl. 8 - 9.**

**Alle er hjarteleg velkommen**



## VALLE ALLIDRETTSKLUBB

Siste samling i 2024 blir fredag 13. desember kl. 19.00—22.00.

Det blir volleyballturnering med premiar. Etter turneringa blir det jolegraut med noko godt attåt i klubbhuset til Valle IL.

Andakten denne kvelden er ved Leif Holthe (NLM)

**Velkomen!**



## JOLETREFEST I BRODERHEIMEN BEDEHUS, LAURDAG 28. DES. KL. 17.00

Små og store frå heile dalen er hjarteleg velkomne til joletreffest i broderheimen bedehus! Det blir opplesing av joleevangeliet og andakt ved Egil Grindland (NLM).

Det blir også ring rundt joletree!

Ta med niste, men me spanderar også kaffi, te, brus og joleknask + ei overrasking.



## KYRKJA I DESEMBER

### LJOSMESSE MED KONFIRMANTANE

Sundag 1. des. kl. 17.00 er det ljosomesse med konfirmantane i Hylestad kyrkje. Fakkeltog frå museet til kyrkja.

### Jolekonsertar

7. des. kl. 16.00. Joletonar i mørketid med Valle vaksenkor og Valle kulturskule. Valle kyrkje.

11. des. kl. 19.00. Konsert med Bjørø Håland. Bykle kyrkje.

16. des. kl. 19.00. Konsert med Kim Rysstad. Bykle kyrkje.

### Valle kyrkje

24. des. kl. 16.30. Jolegudsteneste ved prostiprest Kristian Mosvold.

### Hylestad kyrkje

25. des. kl. 12.00. Høgtidsgudsteneste ved prostiprest Kristian Mosvold.

### ANDAKT VALLE BYGDEHEIM

Onsdag 11. des. kl. 11.00. Med nattverd.

### SOKNERÅDSMØTE

3. des. kl. 15.45. Kyrkjekontoret i Valle

Ynskjer du skyss til kyrkja kan du ringe Astrid Nomeland, tlf. 911 84 706.

Kyrkjekontoret i Valle,

tlf. 926 28 337,

e-post:

post@valle.kyrkja.no



DEN NORSKE KYRKJA  
Valle og Hylestad sokn

*Meir himmel på jorda*

## Ope hus, Garane grendehus

3. desember frå kl. 18.00



Alle er velkomne til ein uformell møteplass. Her kan du kome åleine eller ta med vener. Du må gjerne også ta med spel, handarbeid, bilete, rebusar, eller anna.

Me har noko å bite i, og kaffi kan du i allefall få.

## HANDARBEIDSKVELD PÅ HUSFLIDEN

Den siste handarbeidskvelden for året blir på Setesdal Husflid i Valle 4. desember kl. 18—21.



## Jolemarknad i Sæbyggjen fredag 6. desember

**Kl 14-18**

Elevane ved Valle ungdomsskule har elevbedrift og vil selge jolekaker, handverk og anna dei har laga

**Velkomen!**



## MATKASSAR TIL JOL

Formannskapet har vedteke å sette av 50.000 kr til matkassar til dei som treng ei hjelpande hand i førjols-handelen i år. Det er bygdekvinnelaga i Valle og Hylestad som tek seg av utdelinga.

Det er ingen spesielle krav knytt til å få ei slik matkasse, bortsett frå at ein må vere fastbunde i Valle kommune.

-Alt me treng er ein telefon eller ei melding der me får namn og adresse på den som ber om ei matkasse. Kassen blir køyrd ut til dei det gjeld, seier Malmfrid Nyborg Homme i Valle bygdekvinnelag.

Det er ho eller Kirsten Bråten Berg i Hylestad bygdekvinnelag som tek imot meldingar om behov.

Malmfrid når ein på telefon 911 75 191, og Kirsten på telefon 911 63 450. Det er den som ynskjer ei matkasse som sjølv må ta kontakt.

I matkassene som truleg inneheld varer for i alle fall ein tusenlapp, finn ein alt frå frukt til kaffi, og sjølvsagt «jolelege» ting.

-Det meste skal vere slikt som held seg ei stund. Me må ha inn alle førespurnadar før måndag 16. desember, så blir alt levert på døra i løpet av 18. desember, seier Nyborg Homme.

Bygdekvinnelaga håpar alle som måtte slite litt med å få til jolehandelen tek kontakt.



## ER DET EI FRAMTID FOR

## VALLE OG HYLESTAD HELSELAG?

I vår gjekk leiar av helselaget, Ingeborg Sagneskar Austenå, bort. Ho hadde då vore leiar i helselaget sidan 2004 og aktiv sidan 2001. Det var nok leiaren som var motoren i laget, og ingen kunne tenkje seg å drive helselaget vidare – i alle fall ikkje utan nye krefter.

Fykeskontoret for helselaga i Agder, Vestfold og Telemark vil naturlegvis gjerne at aktiviteten i Valle og Hylestad helselag skal fortset vidare. Helselaget vart stifta 25. september 1925, og vi skulle meir enn gjerne kunne feire 100-års jubileum saman med nye krefter i laget!

No har fykesstyret i Agder overtatt ansvaret for Valle og Hylestad helselag si framtid, og vi prøver å kartlegge interesse og behov for vidareføring av helselaget sitt virke. Vi har fått ei liste med namn som kanskje kunne tenkje seg å bli med i helselaget, men lenger enn det har vi ikkje kome.

Nasjonalforeninga for folkehelsa sine helselag rundt om i landet kan vere ein flott arena for sosiale møteplassar, og trivselsskapande og lågterskel fysisk aktivitet som gågrupper og trimgrupper. Men, som for kvar frivillig organisasjon, krevst det menneske som ønskjer å engasjere seg i frivillig arbeid, og nokon som også kan ta på seg eit styreverv. Aktivitetane er tilpassa både kapasitet og interesse – hos frivillige i styret og deltakarar – og både fykeskontoret og fykesstyret følgjer opp lokallaga med besøk, samlingar og kursing.

Vi har hatt kontakt med nokre folk i Valle, og vi får signal om at det nok kan vere behov for eit helselag og slike aktivitetar i Valle - og vi vil gjerne bidra til at dette skal bli ein realitet! Tenkjer du at det kan vere interesse for å vidareføre Valle og Hylestad helselag i kommunen? Vil heilt nye krefter, med tett oppfølging frå fykeskontoret og fykesstyret, finne inspirasjon og motivasjon til å fremje god folkehelse og skape lågterskel aktivitetar i kommunen?

Dersom du meiner dette kan vere noko for deg, som deltakar eller styremedlem, ønskjer vi deg hjarteleg velkomne til informasjons- og diskusjonsmøte

**tysdag 21.januar kl. 18.00-20.00 i Sæbyggjen.**

Med vennlig hilsen  
Kurt Henning-Johnsen  
Daglig leder fykeskontoret for Agder, Vestfold og Telemark  
Tlf mobil: 916 82 008  
Adresse: Torbjørnsbu 21, 4847 Arendal



*Frivillig organisasjon som arbeider for å bekjempe hjerte- og karsykdommer og demens. Interesseorganisasjon for personer med demens og deres pårørende.*

[www.nasjonalforeningen.no](http://www.nasjonalforeningen.no)



#VALLESOSTEREN

# HELSESTASJON FOR UNGDOM



## ONSDAGER KL. 14-15.30

## VALLE HELSESTASJON

### TIMESTILLING PÅ

### SMS/TELEFON

### 915 87 989



Valle vaksenkor og Valle kulturskule  
med lokale solistar inviterer til konserten

## Joletonar i mørketid

Valle kyrkje  
laurdag 7. desember  
klokka 16.00

Hjarteleg velkomen til ein  
førjolskveld med musikk, glede,  
tradisjon og mykje jolestemning!  
Gratis inngang.

Ein stor takk til Valle Sparebank og Valle kommune  
som er sponsorar!

## Kong Hanes Jol i Valle

Konsert med Kong Hanes Eftf.  
Sæbyggjen  
sundag 15. desember kl 18.00



Billettsal i døra - kr 100,- for medlem og kr 200,- for ikkje medlem  
Gratis for ungdom under 25 år

## Jol i Valle sentrum

23. desember frå kl.17.00 - ved Hasla

VI DELER UT GRATISLODD I HEILE DESEMBER SOM  
EIN TAKK FOR AT DE HANDLAR LOKALT!

Velkommen til vesle jolaften i Valle sentrum  
i år blir trekkinga ute som før.  
Det blir underhaldning og trekning.  
Nissen kjem med ei overrasking og  
det blir servering av gløgg.

Det blir oppskyting av rakettar ein gong  
mellom kl.18.00-19.00

HOVDGEVINST ER APPLE IPHONE  
i tillegg til ei mengd gåver frå alle bedriftene

VELKOMEN TIL EIN  
HYGGELIG JOLEHANDEL I  
VALLE SENTRUM



## POP UP

Kunstutstilling

### Magisk lys i fjel og himmel

Utstillere — Bykle og valle kunstlag medlemmer

23 nov. - «Hovdetun», Hovden, 11.00-17.00

30 nov. - «Valle handel», Valle sentrum, 11.00-17.00

28 des. — «Hovden Gård», Hovden, 11.00-17.00

ella@uleberg.no

ekassmann@gmail.com

 BYKLE & VALLE  
KUNSTLAG

# BROKKE ALPINSENTER SESONG 2024/25



Sjå detaljert program og  
oversikt over opningstider  
på [brokke.com](https://brokke.com)

## DESEMBER

- 21. desember** Sesongstart med tenning av juletre og gløgg
- 24. desember** Jolenissen kjem med gåve
- 28. desember** Romjolskviss og livemusikk i Nistebui
- 31. desember** Nyttårsraketar og stjerneskot

## JANUAR

- 4. januar** Pubkviss i Nistebui
- 9. januar** Første kveldskjøring
- 11. januar** Akebrettkonkurranse
- 18. januar** Pubkviss i Nistebui
- 25. - 26. januar** Kretsmesterskap i ljosløypa

## FEBRUAR

- 1. februar** Pubkviss i Nistebui
- 8. februar** Solfest  
Livemusikk i Nistebui
- 9. februar** Feire morsdag med halv pris på dagskort og gratis leie av ski
- 15. februar** Pubkviss i Nistebui
- 20. februar** Det berømte fakkeltøget
- 21. februar** Brokke Moonlight, skitur med hodelykter
- 22. februar** Big jump konkurranse med DJ  
Afterski i Nistebui med DJ
- 27. februar** Siste dag for kveldskjøring

## MARS

- 1. mars** Pubkviss i Nistebui
- 8. mars** Brokke Turrenn
- 15. mars** Pubkviss i Nistebui
- 29. mars** Pubkviss i Nistebui

## APRIL

- 12. april** Musikkbingo i Nistebui
- 16. april** Slalomrenn i barnebakken
- 17. april** Storlålåm
- 18. april** Påskeeggjakt
- 19. april** Ta sjansen og påskefest
- 21. april** Sesongslutt
- 26. april** Brokke Bakkedragrace



## JOLEFERIE

Ope frå 21. desember  
til og med 1. januar.

Kvar dag kl. 10-16

Jolaften stengt frå kl. 14.00

Torsdag 17.00 - 20.00  
Fredag 12.00 - 20.00  
Laurdag 10.00 - 16.00  
Sundag 10.00 - 16.00

Torsdag 17.00 - 20.00  
Fredag 12.00 - 20.00  
Laurdag 10.00 - 16.00  
Sundag 10.00 - 16.00

## VINTERFERIE

Torsdag i uke 9 er siste  
dag med kveldskjøring.

Ope kvar dag i vinterferie  
veke 8 og 9. Frå 15. februar  
til og med 2. mars.

Fredag 12.00 - 20.00  
Laurdag 10.00 - 16.00  
Sundag 10.00 - 16.00

## PÅSKE

Ope kvar dag i påska  
frå 12. april til og med  
21. april kl. 10.00 - 17.00

**Afterski kvar laurdag kl. 15**  
Med atterhald om vør og føre.



Skann QR-koden for meir  
informasjon om opnings-  
tider, eller les meir  
på [brokke.com](https://brokke.com)



**MÅNDAG 9.desember**



**Kl. 1700 - 6 år.  
Vaiana 2**

Etter eit uventa kall frå forfedrane sine, legg Vaiana ut på ei reise saman med Hei Hei og Pua til det fjerne havet i Oseania og inn i det farlege, forsvunne farvatnet. Eit nytt eventyr ventar, ulikt noko dei har opplevd før! Vi gjer merksam på at Vaiana 2 inneheld fleire sekvensar med blinkande lys som kan påverke dei som har lysfølsam epilepsi eller har andre former for lyssensitivitet.



**Kl. 1900 - 15 år.  
Gladiator II**

«en episk storfilm som er skapt for det store lerretet» - Cinema Flere år etter å ha bevitnet dødsfallet til sin helt, Maximus, tvinges Lucius (Paul Mescal) ut i en lignende virkelighet: som gladiator for den opportunistiske handelsmannen, Macrinus (Denzel Washington). Som et redskap på Colosseums arena, må Lucius overleve både mennesker og dyr, for å nå frem til sitt endelige mål: å styrte det tyranniske styresettet som føres med jernhånd av keiserne Geta (Joseph Quinn) og Caracalla (Fred Hechinger). Gjennomsyret av raseri, må Lucius finne styrke og allierte for å gjenopprette orden for Roms fremtid.

**Kjøp gjerne kinobillett på [www.bygdekinoen.no](http://www.bygdekinoen.no) .  
Klikk på spelestad Hylestad soknehus, Valle**

**Film er best på kino - støtt din lokale kino!  
Vi har eigen kinokiosk med nypoppa popkorn og litt anna snacks og drikke. Velkomen skal du vere!**

## Kva skjer?

[www.valle.kommune.no/http://www.valle.kommune.no/alle.294594\\_nm.html](http://www.valle.kommune.no/http://www.valle.kommune.no/alle.294594_nm.html)

29.11 Kl. 1630	Fakkeltog og tenning av jolegran, Valle sentrum
30.11 Kl. 11	Pop-up kunstutstilling, Valle handel
01.12 Kl. 14	Joleverkstad, tenning av jolegran og fakkeltog, Setesdalsmuseet
01.12 Kl. 17	Ljosmesse, Hylestad kyrkje
03.12 Kl. 11	Song for alle, Spelestoga
03.12 Kl. 18	Ope hus, Garane grendehus
04.12 Kl. 11	Jolekonsert med elevar frå Valle kulturskule, Onsdagskafeen
04.12 Kl. 18	Handarbeidskveld, Husfliden
05.12 Kl. 18	Språkkafe, Sæbyggjen
06.12 Kl.11.30	Næringslunsj på Sølvarden
06.12 Kl.14	Jolemarknad i Sæbyggjen ved elevar i ungdomsskulen
07.12 Kl.16	Konsert: Joletonar i mørketid, Valle kyrkje
09.12 Kl. 17 Kl 19	 <b>Bygdekinoen</b>
11.12 Kl. 11	Andakt med nattverd, Valle bygdeheim
12.12 Kl. 18	Språkkafe, Sæbyggjen
13.12 Kl. 19	Allidrett, Vallehalli
15.12 Kl. 18	Konsert: Kong Hanes Jol i Valle, Sæbyggjen
18.12 Kl.10.30	Joleavslutning på onsdagskafeen
23.12 Kl.17	Jol i Valle sentrum
24.12 Kl.16.30	Jolegudsteneste i Valle kyrkje
24.12 Kl. 17	Jolemiddag på bygdeheimen
25.12 Kl. 12	Høgtidsgudsteneste i Hylestad kyrkje
28.12 Kl. 17	Joletrefest i Broderheimen bedehus

**Frist for innsending til Bygdenytt for januar er 29.desember.**

**Grunna jol og nyttår får vi ikkje distribuert bygdenytt før tidleg i veke 2.**

**Send til [sentralbord@valle.kommune.no](mailto:sentralbord@valle.kommune.no)**

